




## SAKSFRAMLEGG

### Revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 for Fitjar kommune. Oppstart av Planprogram.

Utvil sak	Utvil	Møtedato
<b>84/18</b>	<b>Formannskapet</b>	<b>05.12.2018</b>
<b>59/18</b>	<b>Kommunestyret</b>	<b>19.12.2018</b>

#### Vedlegg:

#### Bakgrunn:



I tråd med Plan- og bygningsloven og Fitjar kommune sin Planstrategi 2016-2019 vedteken 17.10.18, legg vi med dette fram sak om revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 gjennom oppstart av planprogram for denne. Planprogram er første fase i arbeidet, og skal visa formål med kommuneplanen, sentrale problemstillingar og visa særskilte utgreiingsbehov. Planprogram er heimla i Plan- og bygningsloven § 4-1

#### § 4-1. Planprogram

*For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.*

*Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig*

*ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.*

Fitjar kommune har samfunnsdel til kommuneplanen fra 1999. Kommuneplanen sin arealdel er rullert i 2012. Vi ser ikke at det er behov for å rullere arealdelen jfr planstrategien, men det er eit klart behov for å rullere samfunnsdelen. I saksframlegget til planstrategi for Fitjar kommune er mangelen på kommuneplanen sin samfunnsdel omtala slik:

*«Me ser at mangelen av ein samfunnsdel i kommuneplanen gjer det vanskeleg å peika ut ein retning for kommunesamfunnet som heilheit, og vanskeleggjer administrasjonen sine prioriteringar.*

*Å utarbeide ein samfunnsdel til kommuneplanen er viktig for å peike ut ein retning og ein strategi, for å kunne arbeide meir målretta med sentrale samfunnsforhold som folkehelse, barn og unge, integrering, næringspolitikk m.v.»*

Kravet om kommuneplanen sin samfunnsdel er heimla i Plan- og bygningsloven kap. 11, med slik formulering:

#### **§ 11-1.Kommuneplan**

*Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.*

*Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.*

*Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.*

*Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.*

(..)

#### **§ 11-2.Kommuneplanens samfunnsdel**

*Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsigte utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.*

*Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.*

(..)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet omtalar m.a. kommuneplanen sin samfunnsdel slik:


*«Skal samfunnsdelen i kommuneplanen ha noen funksjon, må den gi grunnlag for konkrete prioriteringer, og bidra til bedre helhetsløsninger og mer forutsigbare rammevilkår både for sektorenes virksomhet og for befolkningen. Samfunnsdelen skal også gi grunnlaget for prioriteringer i arealdelen, f.eks. knyttet til arealbehov for ulike funksjoner, valg av infrastruktur, boligpolitikk og næringspolitikk, communal service mv.*

*Kommunedelplaner skal også ha en egen handlingsdel med anvisning på tiltak for gjennomføringen av planens målsettinger innenfor kommuneplanperioden på fire år. Videre forutsetter bestemmelsen en årlig rullering og eventuell revisjon i sammenheng med den årlige rulleringen av handlingsprogrammet og arbeidet med*

økonomiplanen. Det bør utvikles indikatorer også for måling av den miljømessige og samfunnsmessige utvikling i kommunen.»

### Vurdering:

Kommuneplanen er ein grunnleggjande del av eit samanhengane plansystem i kommunane som kan illustrerast slik:



Kommuneplanen er kommunen sitt overordna og viktigaste styringsdokument, saman med økonomiplanen. Kommuneplanen er fundamentet for all anna planlegging og peikar ut kurser for både kommunen som organisasjon og lokalsamfunnet framover. Kommuneplanen har lange perspektiv – gjerne mellom 12- 20 år, og der set ein måla for den langsigte samfunnsutviklinga. I planstrategien som vert rullert etter kvart val vert det vurdert om det er behov for rulling av kommuneplanen, både arealdel og samfunnsdel.

I sak om organisasjonsendringar « Endringar i den administrative leiings- og avdelingsstrukturen», og i saksframlegget til Økonomiplanen 2019-2022 har administrasjonen tatt opp behovet for eit meir heilskapleg plan- og rapporteringssystem i Fitjar kommune, og det ønskjer vi å utvikla meir i løpet av 2019 parallelt med arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

### Planperspektiv:

Som ein del av vårt planarbeid er vi forplikta til å ivareta internasjonale, nasjonale og regionale føringer.

- Internasjonalt : Eksempelvis FN sine berekraftsmål.
- Nasjonalt: Lov – og forskrifter. Nasjonale mål i ulike sektorar.
- Regionalt: Fylkesplanen for Hordaland og regionale sektorplanar.
- Lokalt: Fitjar og Sunnhordland.

Kommuneplanen skal utviklast i eit nært samarbeid med faglege sektorar, innbyggjarar , frivillige organisasjonar og næringsliv. Gjennom desse prosessane får ein innspel til «kva som er viktig», som igjen vil prega mål og innsatsområda framover.

Som ein del av utarbeidinga av den nye kommuneplanen kan vi vurdera å utvikla ein visjon for Fitjarsamfunnet , eller kanskje ein har det og vil framheva denne ? Eller ein kan utvikla felles omgrep som gje retning, motivasjon og noko å strekkja seg etter.

For at planen skal ha styringskraft må den vera eit levande dokument og nyttast jamt i dagleg arbeid av tilsette i kommunen, av politikarar, andre offentleg styresmakter og partnerskap – næringsliv, sivilsamfunn, nabokommunar.

Kommuneplanen er eit politisk styringsdokument som skal vedtakast av kommunestyret, og sjølv om dokumentet skal utviklast med brei medverknad er det viktig at dette dokumentet er djupt forankra hjå den folkevalde leiinga. Kommuneplanen vil gje retning for bruk av kommunen sine ressursar.

Parallelt med Fitjar kommune sitt arbeid med kommuneplanen, jobbar våre nabokommunar med det same. Vi har anmoda Bømlo og Stord kommune om samarbeid i utviklinga av kommuneplanane, slik at tre nabokommunar kan utvikla ein del felles strategiar for framtida. Det er dei positive til. Desse tre kommunane er den mest integrerte bu- og arbeidsmarknaden i Sunnhordland, og det betyr at det vi er gjensidig avhengige av kvarandre og delar til dels ein felles næringsstruktur- og kystkultur, arbeidsmarknad og handel. Gjennom samarbeid om kommuneplanane kan vi læra av kvarandre, løfte fram felles satsingar og bidra til kvarandre sin suksess.

### **Problemstillingar og planhorisont : 2020 – 2040 eller lenger ?**

Det har gått 20 år sidan førre samfunnsdel til kommuneplanen i Fitjar kommune. Klarar vi å sjå 20 år fram ? Bør vi å sjå lenger ?

Kva større endringar står vi overfor i samfunnet dei neste 20-30 åra ? Aktuelle tema kan vera:

- Folketalsutvikling- og befolkningssamansetning
- Næringsutvikling og busettingsmønster
- Tettstadsutvikling og attraktivitet
- Folkehelse - gode oppvekstmiljø og aktiv alderdom.
- Regional integrasjon
- Sentrale utviklingstrekk i kommunale tenester

Meir eksplisitte problemstillingar kan eksempelvis vera:

- Er det vesentlege endringar innan klima- og miljø som kan endra kvardagen vesentleg ?
- Kan integrasjon mot byregionen Bergen gjennom Hordfast påverka busettingsmønster og sysselsetting ?
- Ny kommunestrukturdiskusjon, drive fram av kommuneøkonomi eller konkurranse mellom regionar ?
- Eldrebølgja som for alvor vil prega lokalsamfunn og kommunen sine prioriteringar
- Digitalisering i samfunn og kommunale tenester

Vi ser at Bømlo sin nye kommuneplan strekkjer seg over perioden 2018-2048.

Det er viktig å finna ein balanse mellom å sjå langt framover og å ivareta styringskraft i det kortsiktige slik at det oppstår forplikting i planarbeidet, og vi ser resultat som trekker i den planlagde retninga. Rådmannen foreslår at planhorisonten for den nye kommuneplanen vert 2020-2040.

## **Styringstruktur:**

Kommuneplanen må ha ei djup folkevald forankring – det skal peika på visjonen og dei overordna måla/ innsatsområda for Fitjarsamfunnet i perioden 2020-2040.

Rådmannen vil foreslå at formannskapet er styringsgruppe for kommuneplanen sin samfunnsdel. Det betyr at formannskapsmøte ein gang i kvartalet vil verta etterfølgjt av styringsgruppemøte for kommuneplanen, for å drøfta visjon, mål- og innsatsområde.

Rådmannen vil oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe som utgreier mål- og innsatsområde, gjennomfører medverknadsprosessane i lokalsamfunnet saman med politisk leiing, og lagar utkast til tekst til kommuneplanen. Arbeidsgruppa fremjar dette til handsaming i styringsgruppa. Ettersom Fitjar kommune ikkje har kommuneplanleggjar, vil rådmannen leia arbeidsgruppa. Arbeidet med kommuneplanen vil i tillegg til realisering av økonomiplanen, vera det høgast prioriterte arbeid i 2019. Rådmannen bed om forståing for at administrasjonen då vil ha avgrensa kapasitet til andre plan- og utgreiingsoppgåver.

## **Framdriftsplan:**

Det er ein fordel for kommuneplanen sin samfunnsdel å ha ein komprimert planperiode. Vi vil prøva å få planen ferdig utarbeida i løpet av 2019, påfølgjande høyring og deretter endeleg vedtak i første kommunestyre 2020. Det betyr at vi må køyra parallele prosessar i planen, mellom planprogram og sjølv kommuneplanen. Før vi startar utforminga av sjølv kommuneplanen må utarbeida planprogrammet til planen. Planprogrammet skal omhandla formålet med planen, dei viktigaste problemstillingane og utgreiingsbehov. Planprogrammet skal også skildra medverknadsprosessen og framdrifta for kommuneplanen og skal til høyring.

Rådmannen foreslår at ein med dette vedtaket godkjenner revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og startar opp planprogrammet for kommuneplanen. Kommuneplanen sin samfunnsdel vert starta opp i april når planprogrammet vert vedtatt, men arbeidet med begge pågår parallelt i tid ettersom problemstillingar er overlappande.

19.12.18	Vedtak rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel, og oppstart av Planprogram.
Februar	Planprogram på høyring
April	Formannskapet sitt vedtak av planprogram Kommunestyret sitt vedtak om oppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel
April – august	Medverknadsprosessar i lokalsamfunnet og i tenestene i kommunen
November	Kommunestyret si handsaming av kommuneplanen - høyring
Februar 2020	Kommunestyret sitt vedtak av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vi må ta atterhald om endringar i framdriftsplanen.

## **Formannskapet rår kommunestyret til å fatta slikt vedtak:**

Kommunestyret i Fitjar kommune vedtek revidering av «Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020- 2040 for Fitjar kommune.» heimla i Plan- og bygningsloven §11 -12

Kommunestyret vedtek oppstart av «Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 for Fitjar kommune» Jfr Plan- og bygningsloven §4-1.

## **Behandling i Formannskapet - 05.12.2018:**

Rådmann Olaug Haugen orienterte om bakgrunn for saka.  
Formannskapet drøfta saka.

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Kommunestyret i Fitjar kommune vedtek revidering av «Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020- 2040 for Fitjar kommune.» heimla i Plan- og bygningsloven §11 -12

Kommunestyret vedtek oppstart av «Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 for Fitjar kommune» Jfr Plan- og bygningsloven §4-1.

**Behandling i Kommunestyret - 19.12.2018:****Vedtak: (Samrøystes)**

Kommunestyret i Fitjar kommune vedtek revidering av «Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020- 2040 for Fitjar kommune.» heimla i Plan- og bygningsloven §11 -12

Kommunestyret vedtek oppstart av «Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 for Fitjar kommune» Jfr Plan- og bygningsloven §4-1.

Olaug Haugen  
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*